



.....

Ikkje offentleg: Offl §13, Fvl §13

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
-------------	--------------	----------	--------------------	-----------

## **Formidling av søkarar til læreplass 2018 - informasjon til søkarar som ikkje har bestått i alle fag(har karakteren 1) og/eller har ikkje vurdering(IV)**

Vi viser til søknad om læreplass i «Søker\_Formnavn».

Karakteroversikta di viser at du har karakteren 1 (ikkje bestått) eller ikkje vurdering (IV) i eitt eller fleire fag frå Vg 1 og/eller Vg2.

Vi gjer med dette merksam på at dette kan få konsekvensar for di vidare utdanning da det vil gjere det vanskeleg å formidle deg vidare til lærebedrift.

I dette brevet gjer vi greie for reglane som gjeld dersom du har ikkje bestått (1) eller manglar karakter i fag (IV).

Det er eit vilkår for formidling til læreplass at du har bestått alle fag innanfor programområdet på Vg1 og Vg2. Sjå forskrift til opplæringslova § 6A-1 som har slik ordlyd:

### **§ 6A-1. Verkeområde og vilkår for formidling til læreplass som lærling, praksisbrevkandidat eller lærekandidat**

Dette kapitlet regulerer formidling til læreplass som lærling, praksisbrevkandidat og lærekandidat for opplæring i bedrift etter opplæringslova kapittel 4.

Han eller ho som blir formidla, skal takast inn til vidaregåande opplæring på det aktuelle trinnet i samsvar med kapittel 6. Enkeltvedtaket om inntak skal fastsetje kva for utdanningsprogram og programområde søkjaren er teken inn til.

Søklarar til læreplass som lærling må oppfylle vilkåra for inntak til neste trinn for å kunne bli formidla til opplæring i bedrift på neste trinn. Dette inneber mellom anna at søkjaren må ha bestått faga innanfor programområdet på Vg2, jf. § 6-28, for å kunne formidlast til Vg3, eller ha faglege føresetnader for å følgje opplæringsåret på neste nivå, jf. § 6-37.

Søklarar til læreplass som praksisbrevkandidat og lærekandidat må ha bestått sitt opplæringsløp mot planlagd grunnkompetanse for å kunne bli formidla til opplæring i bedrift på neste trinn. Søklarar som har gjennomført, men ikkje bestått faga innanfor utdanningsprogrammet på Vg1 og programområdet på Vg2, kan òg søkje formidling som praksisbrevkandidat og lærekandidat.

**Konsekvensar for deg dersom du får standpunktkarakteren 1 (ikkje bestått) i eitt eller fleire fag:**

### Rett til særskilt eksamen

Dersom du har fått karakteren 1 i standpunkt, har du rett til særskilt eksamen når du ikkje har vore trekt ut til eksamen i faget, sjå forskrifta § 3-33. Merk at du må nytte deg av retten til særskilt eksamen i første eksamensperiode etter at du fikk karakteren. Skolen din vil gi deg fleire opplysningar om tilgang til særskilt eksamen.

#### Unntak frå kravet om bestått i alle fellesfag for å få vitnemål

Det er mogleg å få unntak frå kravet om bestått i alle fag. Dette står i forskrifta § 3-44 , og gjer det mogleg å få vitnemål som gir yrkeskompetanse sjølv om ein har ikkje bestått (med karakter 1, du kan ikkje ha IV i faget) i **inntil to av fellesfaga**. Unntak kan gis etter søknad når eit av følgjande vilkår er oppfylt:

1. Har vore fritaken for vurdering med karakter i Kroppsøving
2. Har spesifikke lærevanskar, t.d. store lese- og skrivevanskar eller store matematikkvanskar. Slike vanskar kan også vurderast etter at standpunktkarakter er sett eller eksamen har vore gjennomført.

Søknad om unntak frå krav til vitnemål skal sendast til Fylkesutdanningssjefen v/ utdanningsavdelinga.

Skolen din og utdanningsavdelinga kan gi meir informasjon om søknadsprosedyrar og krav til dokumentasjon.

#### **Konsekvensar for deg dersom du får ikkje vurdering (IV) i eitt eller fleire fag:**

Dersom du manglar vurdering med karakter i fag (IV), har du ikkje lenger elevstatus og må ta faget som privatist.

Utdanningsavdelinga kan gi meir informasjon om framgangsmåte og krav til dokumentasjon.

Rett til særskilt eksamen og unntak frå krava til vitnemål på yrkesfaglege utdanningsprogram med karakteren 1 i inntil to fellesfag, gjeld ikkje for elevar som har IV i staden for standpunktkarakter. Søkjarar som blir formidla til læreplass må ta opp att dei faga som manglar for å kunne få gå opp til fag- eller sveineprøve.

#### **Endring av søknaden:**

Du kan endre søknaden din og sette opp andre utdanningsønske dersom du vil. Vi må ha skriftleg melding om endring innan 25. juni. Du kan sende melding om endring på e-post til [Inntak@mrfylke.no](mailto:Inntak@mrfylke.no) eller per post til Møre og Romsdal fylkeskommune v/ Utdanningsavdelinga, PB 2500, 6404 Molde. Hugs å oppgi referansenummeret ditt om du sender melding om endring av søknad.

Ditt ref.nr. er: «Refnr»

Med helsing

Bjørnar Loe  
seksjonsleiar

Venke Sandvik  
konsulent

Gjenpart:

Rådgjevar v/ «Avgiverskole», «Avgsk\_Adr», «Postnr\_og\_sted»  
«Rådgiver», her